

Kvinherad Kommune
Byggjesak

Tonjen Eigedom
Hatlestrand

Hatlestrand 20/12-2011

Vedr. G nr 39 Br nr 8

Litt orientering rundt saka..

Me har i lengre til forsøkt å få til ei fullgod løysing på avløp ifrå ein ny planlagd bygning. Me ser ilag med ansvarleg VVS firma at det ikkje er noko god løysing på utfordringa.

Me ynskjer å byggja i tilknytning til sjø og området vårt elles. Plasseringa av byggjet fører til at eit evtnt avløp/ slamutskiljar vil koma til å bli fylt med sjøvotn ved ekstra høg flo. Dette er ikkje noko som me ynskjer at skal henda. Me vil no søkja om å få byggja utan toalett i tilknytning til bygget.

Bruk av nytt bygg: Bygget vil bestå for det meste av lager/ butikk. Resterande areal vert brukt til arkiv/ kontor og teknisk rom.

Løysing av sanitær utfordring:

Me ønsker å fortsetja å nytta toalett privat slik me har gjort det dei siste 60 åra. Me er eit lite familie selskap med 2 til 3 ansatte som har brukt denne løysinga i tre generasjonar. Som det går fram av situasjonskartet disponerar me tilstøtande eigedommar.

Tongavegen 80/92/94 Toalett

Tongavegen 90 Rullestol toalett

Me ynskjer ikkje å påføra oss urimelege store kostnadar ved etablering av ny butikk. Me prøver å få byggja mest mulig lokale for kvar krone og håpa kommune og arbeidstilsyn kan vera med på denne løysinga.

Håpar på raskt og positivt svar.

Om noko er uklart ta kontakt med Ole Femsteinevik, 40 40 79 57

For

Tonjen Eigedom og O. Jacobsen Trelast



Ole Femsteinevik
40 40 79 57

kontakt@3last.no

Vedlegg: situasjonskart

